

Vedlegg til ny prøvetakingsplan 2019

Prøvetakingsplan for vassprøver etter ny drikkevassforskrift 2017.

Ny avtale med S-Lab er inngått i samarbeid med DIHVA ,tok til i juli 2017.

Råvassprøver §20

Vassverkseigar skal ta råvassprøver i tråd med prøvetakingsplanen som er omtala i drikkevannsforskrifta § 19. Radøy vassverk har målt maksproduksjonen pr døgn til å vera 2660m³. Etter tabell skal det då takast minst 8 råvassprøver per år.

Råvassprøvane skal som eit minimum analyserast for : E. coli,intestinale enterokokker,koliforme bakterier,pH, turbiditet og farge.

Minstekrav til drikkevassprøver § 21

Etter ny forskrift vert no drikkevassprøvane inndelt i prøvegruppe A og B, der prøvegruppe A erstattar tidlegare enkel rutinekontroll, og prøvegruppe B erstattar utvida rutinekontroll.

For Radøy vassverk sin del skal det etter maks døgnforbruk og tabell kvart år takast minst 12 prøver i prøvegruppe A, og minst 2 prøver i prøvegruppe B.

Drikkevassforskrifta § 19 seier at vassverkseigar skal utarbeida ein prøvetakingsplan for vassforsyningssystemet. Planen skal ver basert på farekartlegging (§ 6) og innehalda ein oversikt over:

- prøvane som er naudsynte for å sikra at vassforsyningssystemet oppfyller krava i § 5.

-kor på vassbehandlingsanlegget og distribusjonsnettets prøvane skal takast.

- kor tid på året prøvane skal takast.

-kva parameter dei ulike prøvane skal analyserast for.

Radøy vassverk-pumpestatjon.

I vassbehandlingsanlegget vert råvatnet silt i trykksil med maskevidde 0,1 mm, tilsett klor, og desinfisert i trinn nr 2 med UV-stråling. Til slutt i vassbehandlinga vert det tilsett vassglas for justering av pH.

Parameter for prøvegruppe A:

E.coli,Farge,Intestinale enterokokker,Lukt,Nitritt,Smak,Turbiditet,Ammonium,Kimtal,Kimtal 22`c,pH.

Parameter for Prøvegruppe B:

Dikloreten, Akrylamid, Antimon, Arsen, Benzen, Benzopyren, Bly, Bor, Bromat, Cyanid, Fluorid, Kadmium, Kobber, Krom, Kvikksølv, Nikkel, Nitrat, Plantevernmidler, PAH, Selen, Tetrakloreten, Trikloreten, Trihalemtolener, Vinylklorid, Aluminium, Clostridium perfringens, Jern, Klorid, Mangan, Natrium, Sulfat, TOC,

Det kan vera aktuelt å redusere prøveantalet for nokre parameter når: vannverkseigar har vurdert historisk vasskvalitet for parameteren og gjennomført ein risikovurdering av helsefaren. (sjå s 21 i veileder)

Tiltak §22

Dersom drikkevannet ikkje er i samsvar med krava i § 5 første ledd, eller dersom tiltaksgrensene i vedlegg 2 vert overskredde, skal vassverkseigar undersøkje grunnen til avviket.

Om det er avvik frå krava i §5 første ledd skal vassverkseigar så raskt som mogleg gjennomføra tiltak for å rette avviket.

Om det er avvik frå tiltaksgrensene i vedlegg 2 skal vassverkseigar samstundes som grunnen til avviket vert undersøkt vurderer om avviket kan vera helsefarleg. Om avviket kan vera helsefarleg skal vassverkseigar så raskt som mogleg gjera tiltak for å rette avviket.

Manger 10.01.2019

Einar Færø